



## Referat frå møte i FBR torsdag 2. april 2020

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen i Vestland, Vest politidistrikt, HV-11, Haakonsværn orlogsstasjon, Alarmsentralen i Florø, Bergen Brannvesen, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Bergen og omland havnevesen, NRK, Avinor (Flesland), KDS Hordaland (BKK), KDS Sogn og Fjordane (SFE), Telenor, Vestland fylkeskommune, NAV, Kystverket region vest, Bergen kommune, Statens Vegvesen region vest, Sivilforsvarsdistrikt – SF og H, NVE Region Vest, Røde Kors Hordaland, Røde Kors Sogn og Fjordane, Den Norske Kyrkje, Redningsselskapet Region Vest, NHO Vestland, Bufetat og UDI.

### 1. Opning

Fylkesmann Lars Sponheim ønskte velkommen til møtet. Det er ei tid sidan sist møte, og han presiserte at medlemene står fritt til å be om møte, dersom dei ser behov for å løfte aktuelle tema.

### 2. Orientering om pandemisituasjonen i fylket

#### Helsesituasjonen v/fylkeslege Helga Arianson

Fylkeslegen orienterte innleiingsvis om den internasjonale og nasjonale situasjonen når det gjeld talet smitta og kva bilete ein ser elles. Kapasitet i sjukehus og andre helsetenester er ikkje pressa no. Det har vore lik eller lågare dødelegheit i landet enn tidlegare år, det har t.d. vore registrert mindre influensa, infeksjonssjukdommar og infarkt. Strategien i vår var å motverke ei stor bølge som ikkje helsetenestene ville hatt kapasitet til å handtere. Dette klarte vi, og kurva for smittetilfang vart flata ut. Ei følgje av denne strategien er at vi vil måtte leve lenger med pandemien, men vi vinn tid og forhåpentlegvis blir det utvikla vaksiner som kan stoppe den.

Forventa bilete i haust er nye bølger av fleire mindre og nokre større utbrot. Vi veit meir, og kan vere meir målretta med tiltaka enn i vår. Fleire yngre er smitta no, og færre over 60 år. Eldre og personar med alvorlege grunnsjukdommar er i risikogrupper, og mange i desse gruppene blir alvorleg sjuke når dei vert smitta av covid-19. Det har vore flest dødsfall i den eldste aldersgruppa.

Mange barn og unge vert ramma av konsekvensane av tiltaka som vert sett i verk for å handtere pandemien. Stengte tilbod og tenester har gitt ei auka livsbelastning for denne sårbare gruppa. Vi blir alle påverka av pandemisituasjonen, med redusert sosial kontakt, reduserte utdanningstilbod og arbeidsplassar som forsvinn. Vi må kjempe denne kampen med rasjonelle, kunnskapsbaserte handlingar og tilpassa lokale tiltak.

Det er store variasjonar i Vestland, mange kommunar har ikkje hatt smitte, medan andre har hatt fleire utbrot av ulik størrelse. Bergen har hatt det største utbrotet i Vestland i haust, det starta i studentmiljøet og spreidde seg i fleire klynger, og med noko spreiring til nabokommunane. Råd og forbod gav resultat og smittetala går ned.

Fylkesmannen har hatt god kontakt med kommunar som har hatt smitte. Det er mykje godt interkommunalt samarbeid. Oppsummert er situasjonen ikkje kritisk helsemessig no. Størst grunn til bekymring er konsekvensar av pandemiltak som påverknad på samfunnet og særleg store, sårbare grupper i befolkninga.



## Handtering av beredskapssituasjonen regionalt og lokalt v/fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand

Kommunane melder om ein viss slitasje i organisasjonane. Særleg gjeld dette i kommunar med smitte. Vi har fått tilbakemeldingar om at det òg gjeld kommunar med lite smitte, på grunn av den ekstra belastninga testarbeidet gir.

Fylkesmannen har ei viktig rolle med å sikre eit godt samvirke og samordning i fylket. Sentrale oppgåver er knytt til informasjonsdeling, som mellomledd mellom sentrale styresmakter og kommunane. Stensvand orienterte om eit omfattande informasjonsarbeid over tid; forskrifter, rettleiing, kartleggingar og veldig mange spørsmål frå kommunane, særleg i starten av pandemien. Fylkesmannen har ei rolle når det gjeld lokal oppfølging av TISK-strategien (Testing Isolering Smittesporing Karantene), for informasjonsdeling og øvingsaktivitet i kommunane særleg knytt til smittesporing.

Vi rapporterer om situasjonen i Vestland til sentrale styresmakter kvar veke, med særleg vekt på om samfunnskritiske funksjonar blir råka. Stensvand oppmoda medlemene i fylkesberedskapsrådet om å melde frå dersom dei ser slike konsekvensar.

Vi legg til rette for, og deltek på, ei lang rekkje møtearenaer. Vi arrangerer møte med kommunane kvar veke, og har faste møte med dei tre helseføretaka. Vi deltek på møte med Helsedirektoratet og DSB, i tillegg følgjer vi samvirkemøta mellom direktorata. Vi kallar inn til møte i Fylkesberedskapsrådet ved behov, og etter innspel og ønskje frå medlemene.

Vi har gjennomført undervegsevaluering i kommunane, som m.a. avdekka mangelfull kapasitet i samfunnsmedisinarkommuneoverlegefunksjonen mange stader. Dette har nyleg òg blitt kartlagt nasjonalt.

## Kommuneøkonomi v/fylkesmann Lars Sponheim

Kommunane har ei sentral rolle og er førstelinje i TISK-strategien. Dei er allereie, og i aukande grad, i ein krevjande situasjon, og meir krevjande enn det vi har sett nokon gong. Dei blir ramma av både inntektssvikt grunna arbeidsløyse og lågare skatteinngang, og ekstra kostnader på grunn av pandemien.

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging av ekstraordinære kostnader som følgje av pandemien. Per 1. september hadde 30 av 43 kommunar i Vestland meldt om ekstraordinære kostnader, til saman 380 millionar kroner.

Utfordringane kommunane opplever blir møtt med ekstraordinære skjønnsmidlar, fylkesmannen forventar om lag 60 millionar kroner til Vestland. I tillegg står om lag 40 millionar kroner att frå sist runde. Skjønnsmidlane vil bli spissa mot ekstraordinære kostnader.

Kommunane har utfordringar både med rekneskap for inneverande år og neste års budsjett, og ventar på statsbudsjettet i håp om at det vil kome med løysingar.



### 3. Situasjonen sett frå Helse Bergen

#### Helse Bergen v/adm. direktør Eivind Hansen

Helseføretaket har særleg merksemd på å sikre at svake grupper ikkje blir smitta, og på å unngå smitte til helsepersonell. Det siste er heilt avgjerande for å halde tenester oppe og drifte samfunnskritiske tenester og funksjonar. Dei er òg svært opptekne av tilbod til barn og unge, psykisk helse og rus.

Hansen drøfta konsekvensar av å ta ned aktivitet; akkumulerer vi eller skapar vi nye problem og sjukdom på sikt? Samfunnet har tatt ansvar ved å følge tiltak. Helseføretaket stengte ned mykje i vår og sette mange pasientar på vent. Dei prioriterte m.a. kreftpasientar, mens tilbod til andre pasientgrupper vart først teke opp att frå mai. Drifta i føretaket var høgare i juli samanlikna med tidlegare år. Det er framleis høg aktivitet, òg under utbrot i Bergen. Balanserer risiko for covid-smitte mot konsekvensar ved å utsetje behandling for pasient og opphoping av kø.

Hansen løfta bekymring over enkelttiltak og politiske utsegn om å avgrense reiser til Bergen, det får konsekvensar for pasientane sin motivasjon for å reise til sjukehusbehandling. Det er viktig med felles forståing og god kommunikasjon, for å sikre fortløpande behandling av pasientar. Ved lokale utbrot er det òg avgjerande at det ikkje blir avgrensingar i forflytning av kritisk personell.

Dei grunnleggjande tiltaka har vist å gi størst effekt; handhygiene, halde avstand og halde seg heime ved symptom. Nesten all smitte kjem utanfrå, det har vore svært liten grad av påvist smitte blant tilsette/personar i karantene.

Hansen gav honnør til kommunane for å ha gjort ein fantastisk god jobb, og omtalte godt fungerande samarbeidsutval. Fylkesmannen og fylkeslegen har svært viktig koordineringsfunksjon, og Helse Bergen opplever godt samarbeid og gode dialogar.

#### Helse Fonna v/adm. direktør Olav G. Klausen

Støtta Helse Bergen sitt innlegg. Opplever eit anna smittetrykk enn Bergen. Kommunane gjer ein stor innsats.

Helseføretaket har tatt opp att drifta, hadde høgare drift i juni samanlikna med 2019. Opplever at tilsette er slitne av heile situasjonen. Bekymra for det psykososiale både i føretaket og i kommunane. Om mogleg endå viktigare å motivere og ha merksemd på å stå saman framover.

Klausen omtalte avslutningsvis den dagsaktuelle situasjonen med smitteutbrot knytt til buss med pensjonistar.

#### Helse Førde v/adm. direktør Arve Varden

Støtta innlegga til dei to andre helseføretaka. Dialog med kommunane og kommuneoverlegane har vore avgjerande.

Føretaket har utfordringar med transport til teststasjonar for personar som ikkje sjølv kan ordne transport i sitt opptaksområde. Drosjenæringa ønskjer ikkje å frakte pasientar med symptom på luftvegsinfeksjonar. Ba Fylkesmannen ta med seg problemstillinga, og innspel om drosjenæringa bør vurdere å innføre pleksiglass mellom førar og passasjerar som ekstra tiltak.



Testkapasitet: Situasjonen er krevjande med sprengt kapasitet, har òg måtte sende nokre prøvar til analyse i Bergen som igjen fører til lengre tid før prøvesvar. Arbeider med backup-løysingar. Normaliserer drift i føretaket elles, men situasjonen med pensjonistbussen illustrerer at situasjonen kan snu ganske raskt.

#### 4. Situasjonen i Bergen kommune

Beredskapssjef Ivar Konrad Lunde oppsummerte innleiingsvis om kommunen si handtering og planlegging frå starten av pandemien.

Avgrensing av smitte, bygge kapasitet og informasjonsarbeid har vore prioriterte oppgåver for kommunen. Dei har m.a. bygd opp teststasjonar og -kapasitet, koronaklinikk med behandlingsslassar, koronasjukeheim, koronainstitusjon for psykiatri og rus, koronahotell for karantene og isolasjon, smittesporingskapasitet og koronatelefon. Kommunen har hatt eit godt samarbeid med FHI og regionale aktørar. Koronataxi er eit nytt tiltak i haust.

Kommunen har halde oppe kapasitet gjennom sommaren, dette har vore avgjerande ved smitteutbrot i haust. Kommunal kriseleing vart reaktivert 8. september i samband med at smittesituasjonen eskalerte. Kommunen innførte nye restriksjonar, strengare enn dei nasjonale. Testkapasitet er no på 5 %, dette er større enn behov. Har ingen restanse i smittesporing. Opplever stor slitasje i organisasjonen, særleg i dei kommunale helsetenestene.

Lunde peika på at det er viktig å vere proaktive og tidleg ute med godt koordinerte tiltak i bysamfunnet. Situasjonen er under kontroll med synkande smittetal. Lunde takka Røde Kors for bistand, og sa deira bidrag har vore avgjerande for å lukkast. Kommunen held oppe enkelte restriksjonar ei veke til, tiltaka blir vurdert fortløpande. Kommunen etablerer òg koronatilbod til akutt huslause. Det kjem mange over grensene som ikkje har løysingar for karanteneopphald. Har eige influensavaksinasjonsprosjekt for å handtere det best mogleg og parallelt med pandemien, m.a. vil det bli vaksinasjonslokalitet i sentrum.

#### Spørsmål og innspel til Bergen kommune:

Distriktsredaktør Dyveke Buanes, NRK Vestland, stilte spørsmål om erfaringane frå sykkel-VM har hatt noko å seie under pandemien. Lunde svarte at kommunen allereie hadde eit godt system for samfunnstryggleik, men godt samarbeid er avgjerande for handtering og at sykkel-VM bidrog til eit betre samvirke som har vore positivt i handteringa av pandemien.

Kyrkja ved domprost i Bergen, Gudmund Waaler, kom med innspel og ønskje om tidlegare varsling av lokale tiltak, jf. pressekonferanse kl. 18. For kyrkja var det særleg utfordrande med omsyn til gravferder neste dag. Lunde hadde forståing for utfordringane og kommunen tek innspela med seg. Det vil alltid vere eit mål å informere så tidleg som mogleg.

Eivind Hansen tok opp spørsmål om TISK i eit lengre perspektiv er ein robust teststrategi. Den er krevjande for personellet og krev mykje forbruksmateriell. Hansen stilte spørsmål om dette har vore diskutert hjå andre aktørar og om det bør spelast inn til sentrale styresmakter. Lunde kommenterte at Bergen kommune held seg til nasjonale krav, men at dei er alvorleg uroa for materiellsituasjonen. Kommunen er òg uroa for slitasje i organisasjonen, det er utfordrande å både oppretthalde kapasitetar knytt til pandemien og ha full drift av alle tenester. Helga Arianson sa at desse utfordringane er tatt opp med sentrale styresmakter ved tidlegare høve, då var det ikkje rom for endringar. Ho vil ta dette opp på nytt.



## 5. Beredskapsplanlegging

Haavard Stensvand orienterte om helseministeren sitt gjentatte budskap om at det er viktig å planlegge for ein tilstrekkeleg lang tidshorisont, minst til sommaren 2021. Det må vere ein beredskap for høgt trykk fram mot sommaren 2021, det gjeld òg samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur.

## 6. Interne reiseråd i fylket; risiko for problem med mobilitet av kritisk viktig arbeidskraft mv.v

Eivind Hansen sa at utspel frå helsedirektør Bjørn Guldvog om å unngå reiser til Bergen gav uheldige signal. Fleire kommunar følgde opp med tilsvarende råd til sine innbyggjarar. Reiseråda påverka etter Helse Bergen si oppfatning terskel for både pasientar og helsepersonell for å dra til behandling og på jobb i Bergen. Råd må vere balanserte, og hovudbodskapen må vere å halde personell og mobilitet oppe. Merksemnda må rettast på dei grunnleggjande smitteverntiltaka. Det er ikkje skummelt å reise til Bergen når ein har ein grunn for det og når ein følgjer dei grunnleggjande tiltaka.

Helga Ariansen supplerte at Fylkesmannen har forsøkt å kompensere for budskapen i møte med kommunane.

Ivar Konrad Lunde fortalte om eit godt samarbeid mellom FHI og Bergen kommune, men streka òg under at nasjonale styresmakter må vere koordinerte. Det er uheldig at Helsedirektoratet går ut med ei slik tilråding som det Guldvog gjorde.

## 7. Eventuelt

### Mogleg busstreik

Fylkesmann Sponheim viste til varsel om mogleg opptrapping av busstreiken frå laurdag. Helsetilsynet hentar inn informasjon om konsekvensar for liv og helse. Sponheim ba om ei orientering frå Vestland Fylkeskommune.

Fylkesrådmann Rune Haugsdal innleia med at fylkeskommunen har respekt for streiken. Han orienterte om at ei opptrapping av bussstreiken vil ramme all busstrafikk i Vestland inkludert skuleskyss, i Skyss og Kringom sine ruteområde.

Fylkeskommunen undersøker detaljar i høve undertransportørar og serviceskyss, og trur desse kan gå som normalt. Bybanen skal så langt dei kjenner til ikkje bli ramma. Ei opptrapping i Vestland frå laurdag vil få omfattande konsekvensar, og passasjerane må finne andre transportmiddel.

Sponheim peika på særleg to sentrale utfordringar; større trengsel på bybanen som kan gi helseutfordringar og å sikre at kritisk personell kjem seg til og frå arbeid. Sponheim orienterte om at fylkeslegane er førstelinje for rapportering til Helsetilsynet om situasjonen.

Helse Bergen arbeider allereie med å sjå på kva konsekvensar streiken kan gi.

Ståle Eikeland, Redningssselskapet, stilte spørsmål om det er venta stor trafikkauke til sentrum og sjukehusa, med tanke på ambulanse og transport av sjuke. Dei kan støtte med sjuketransport med redningsskøyter rundt omkring i fylket ved behov.

Bergen kommune viste til mobilitetstal frå m.a. Skyss. Tala har gått vesentleg ned siste tre veker på grunn av gjeldande tiltak i Bergen. Kollektivtrafikken er redusert. Det er stor uvisse knytt til



konsekvensane av ein streik for mobiliteten. At store arbeidsplassar bidreg med tilsette på heimekontor hjelper veldig i samfunnet.

Fylkeskommunen la til at bruk av kollektivtransport var på 20 % av normal i mars, om lag 70 % av normal etter sommaren, og falt igjen i tråd med råd og tiltak frå Bergen kommune.

### **Avslutning**

Fylkesmann Sponheim takka for møtet og avslutta med å gjenta oppmodinga om at medlemene gjerne må initiativ til nye møte ved behov.